

Plan for lesing Samnanger barneskule

Gjeld frå 1.01.2023

Versjon 1 reviderast juni 2023.





Del 1:

| | | |
|---|----|--------------------|
| Bibliotekassistentar | s. | 10 |
| Digital dugleik | s. | 8 |
| Høgtlesing | s. | 8 |
| Innhaldsliste | s. | 2 |
| Kjelder | s. | 33 |
| Kjerneverdiane til skulen | s. | 4 |
| Kompetente lesarar er kjenneteikna ved | s. | 4 |
| Nynorsk er skriftspråket i Samnanger | s. | 4 |
| Leseplanar 1.trinn | s. | 13 |
| Leseplanar 2.trinn | s. | 15 |
| Leseplanar 3.trinn | s. | 17 |
| Leseplanar 4.trinn | s. | 20 |
| Leseplanar 5.trinn | s. | 23 |
| Leseplanar 6.trinn | s. | 27 |
| Leseplanar 7.trinn | s. | 30 |
| Leseprosjekt | s. | 10 |
| Lesing i alle fag | s. | 5 |
| Leseverk 1.-2. trinn | s. | 9 |
| Leseverk 3.-4. trinn | s. | 9 |
| Leseverk 5.-7. trinn | s. | 9 |
| Observasjon, kartlegging og oppfølging/tidleg innsats | s. | 11 |
| Planen sitt hovudmål | s. | 3 |
| Rettleia lesing | s. | 6 |
| Skulebiblioteket vårt | s. | 10 |
| Skule-heim samarbeid | s. | 8 |
| Strategibruk | s. | 7 |
| Tilpassa opplæring | s. | 5 |

Del 2: Observasjon, kartlegging og oppfølging/tidleg innsats

- Kartlegging og observasjon
- Tidleg innsats og intensiv opplæring
- Oppfølging av elevar som ikkje følgjer forventa leseutvikling

Del 3: Leseplanar

- Leseopplæring på 1. trinn
- Leseopplæring på 2. trinn
- Leseopplæring på 3. trinn
- Leseopplæring på 4. trinn
- Leseopplæring på 5. trinn
- Leseopplæring på 6. trinn
- Leseopplæring på 7. trinn



Lesing = motivasjon x avkoding x forståing

Planen sitt hovudmål

- Vidareutvikling og kvalitetssikring av leseopplæringa ved Samnanger barneskule.
- Styrking av elevane sin lesekompetanse og motivasjon for lesing.
- Førebygging av lese- og skrivevanskar.
- Systematisk oppfølging av leseutviklinga til elevane.
- Produsera livslange lesarar.
- Bruka skulebiblioteket aktivt for å skapa gode leseopplevingar på skulen og heime.
- Konkrete tips til pedagogar for utvikla me-skulen.



Kjerneverdiane til skulen skal vektleggast i leseopplæringa:

- Me-skule
- Leksebevisst skule
- Samarbeid
- Inkludering
- Livsmeistring

Leseplanen er forpliktande for det pedagogiske personalet. Gjennom heile skulegangen ved Samnanger barneskule, skal elevane møta systematisk leseundervisning, rettleiing og oppfølging.

Leseplanen bygger på eit kognitivt og sosialkonstruktivistisk læringssyn, og er forankra i det sosiokulturelle læringssynet.

Kompetente lesarar er kjenneteikna ved at dei:

- Er innstilte på å læra noko av lesinga
- Kan etablera forventingar til teksten og lesa mellom linjene
- Utnyttar bakgrunnskunnskap
- Veit kvifor og korleis ein les
- Er aktive både før, under og etter lesinga
- Varierer lese måten både i høve til tekst og kontekst
- Veit kva tid dei forstår, og kva dei kan gjera når forståinga bryt saman

Nynorsk er skriftspråket i Samnanger:

- Elevane skal ha nynorsktekstar tilgjengeleg i klasserom og på biblioteket.
- Høgtlesing må inkludera nynorsktekstar.



Lesing i alle fag

Å kommunisera, samhandla og delta er eit viktig kompetanseområde i skulen framover. Alle som veks opp i dag har behov for å handtera eit komplekst informasjons- og tekstmangfald.

Ifølge Ludvigsen-utvalget er lesing, skriving og munnleg kommunikasjon nøkkelen til utdanning og arbeid. I tillegg er det å lesa og uttrykka seg ein viktig del av elevenes personlege utvikling. Alle lærarar er leseleiarar, det tydar at ein les, skriv og kommuniserar i kva time. Derfor er det viktig at alle pedagogar tar dette ansvaret på alvor.

Tilpassa opplæring

Prinsippet om tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp og det er grunnleggjande for all opplæring. Tilpassa opplæring er dei tiltaka som skulen sett inn for å sikra at alle elevar får best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Tiltaka kan vera knytta til:

- Organisering av opplæringa
- Pedagogiske metodar
- Arbeid med læringsmiljø
- Arbeid med lokale planar

Tilpassa opplæring skal gjelda for alle elevar til alle tider. Prinsippet gjeld i skuletida, heima og i prøvesituasjonar. På Samnanger barneskule har me fokus på å finna tilpassa tekstar, bøker og lekser til kvart barn. Eit godt samarbeid med føresette er viktig for at me skal lukkast i dette arbeidet. Pedagogar og tilsette skal halda seg oppdatert på nye bøker og leseforskning. Bibliotekaren har ei støttande og viktig rolle i arbeidet med å finna motiverande og passande litteratur for borna.

Leseglede og lesemotivasjon

Forskning visar at språk og sosiale dugleikar blir utvikla gjennom lesing. Me vil fokusera på lesing heilt frå fyrste veke i 1.klasse. Det skal alltid vera tilgjengelege bøker i kvart klasserom. Det skal vera ulike sjangrar, ulike nivå og oppdaterte bøker.

Kvar klasse skal ha høve til å bruka skulebiblioteket fleire gongar i veka. Elevane skal tidleg læra seg systemet på skulebiblioteket og såleis finna fram til dei ulike sjangrane. Bibliotekar og pedagogar skal hjelpa elevane til å finna passande bok etter deira lesenivå og interesser.

I kvart klasserom skal pedagogar/fagarbeidarar lesa høgt for borna. Til dømes i samlingsstund, tilknytt fag, matpause eller på anna tidspunkt i løpet av skuledagen. Elevane skal bli introdusert for ulike sjangrar for å få gode opplevingar og læra seg sjangertrekk. Å visa interesser for elevane sine leseopplevingar er svært viktig arbeid.



Me oppfordrar alle føresette til å hjelpa eleven inn i lesegleda ved å lesa høgt, visa interesse for skuletekstar og lesa sjølv.

Læringsstrategiar

Målet vårt er at elevane våre lære seg metakognisjon. Det tyder at eleven overvåkar si eiga forståing når han les. På skulen må ein lære seg ulike metakognitive strategiar som kan hjelpa dei i leseprosessen.

- **Hukuommelsestrategiar**- Les eit avsnitt fleire gongar, gjenta, eller skriva delar av teksten (nøkkelord, definisjonar, fraser, setningar eller liknande).
- **Organiseringsstrategiar**- Teikna omgrepkart eller tankekart eller lage samanfatar
- **Elaboreringsstrategiar**- Samanlikna ny kunnskap med noko ein veit frå før, personlege erfaringar
- **Overvåkingsstrategiar**- Sjekka si eiga forståing under lesinga, som å stoppa opp, gå tilbake og undra seg over nye ord.

Rettleia lesing

Handlar om å lesa, tenka og snakka om tekst og lesing på målretta vis. Her blir elevane leia gjennom ein tekst i lesefasane FØR, UNDER og ETTER. Rettleia lesing høver i små grupper og i heil klasse.

I småskulen skal elevane ha rettleia lesing i nivåbaserte småbøker (både skjønn- og faglitteratur) 2 gonger kvar veke. Dette blir organisert som ein lærarstyrt stasjon i stasjonsundervisning.

På mellomsteget skal elevane ha rettleia lesting med hovudvekt på lesing av fagtekstar i alle fag. Læreboktekstar i alle fag kan med fordel brukast. Som metode, blir rettleia lesing bruka i klasseundervisning i alle fag.

Det kan også organiserast som ein lærarstyrt stasjon i stasjonsundervisning på alle trinn, eller ved bruk av arbeidsprogram.



Strategibruk

Lærarane skal leggje til rette for at elevane får arbeide med lese- og læringsstrategiar før, under og etter lesing slik at elevane har verktøy for å bli dyktige lesarar. Det er også sentralt at elevane arbeidar med strategiar som kan hjelpe dei når de står fast eller ikkje forstår.

- **Modellering**
 - Læraren visar og forklarar ein strategi, og eleven kopierar strategibruken.
- **Nyttar strategien saman med andre**
 - Eleven kan bruke strategiar saman med andre
- **Arbeider sjølvstending med hjelp og støtte**
 - Kan bruke lesestrategiar, sjølvstendig, men treng veiledning for å finna den rette strategien og når den trengs.
- **Arbeida sjølvstendig**
 - Eleven brukar intuitivt ulike lesestrategiar.

Me brukar lese- og læringsstrategiar i alle fag på alle trinn for å utvikla metakognitiv kompetanse og leseforståing hos elevane. Lærarane skal leggja til rette for at elevane dagleg får arbeida med lese- og læringsstrategiar før, under og etter lesing slik at elevane har verktøy for å forstå innhaldet i ein tekst.

Det er naudsynt at elevane dagleg jobbar med strategiar som kan hjelpe dei når dei står fast eller ikkje forstår. Elevane skal oppmuntrast til å avkoda nøyaktig fordi det vil gagna leseforståinga.

Oversikt over ulike lesestrategiar som elevane skal kjenna til, fordelt på trinn:

| Lesestrategiar | 1.tr | 2.tr | 3.tr | 4.tr | 5.tr | 6.tr | 7.tr |
|---|------|------|------|------|------|------|------|
| BO (Bilde og overskrift) | | | | | | | |
| Førkunnskap (kva veit eg om temaet?) | | | | | | | |
| Nøkkelord og nøkkelsetningar | | | | | | | |
| Forenkla omgrepskart | | | | | | | |
| Tankekart (frå enkel til komplisert struktur) | | | | | | | |
| Overvåking (av eiga lesing, lesestopp: Kva har eg lest?) | | | | | | | |
| VØL (skjema med: veit – ønsker å vite – lært) | | | | | | | |
| BOI (Bilde – overskrift – innleiing) | | | | | | | |
| Omgrepskart | | | | | | | |
| Attforteljning og samandrag | | | | | | | |
| Spørsmålsstilling (til teksten, lesa og finna/tenk sjølv oppgåver) | | | | | | | |
| BISON (bilde/tekst – innleiing –slutt – overskrift – nøkkelord) | | | | | | | |
| Skumlesing | | | | | | | |

Digital dugleik

På Samnanger barneskule er digital dugleik ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglege emner. Elevane våre skal kunna både henta inn og behandla informasjon, vera kreativ og skapande med digitale ressursar, og kunna kommunisera og samhandla med andre i digitale omgjevnadar.

- Skolestudio Basis 1-7
- Word
- Graphogame
- AskiRaski
- Aviser (Framtida junior, Samningen, Aftenposten junior)
- Talesyntese (Sanefjord skolen)
- TextPilot (Lisens til elevar med dysleksi)
- Kartleggeren Udir

Høgtlesing

Born som blir lest høgt for har mykje større sjans for å utvikla leselyst og engasjement for eiga lesing. Difor skal alle elevane få oppleva høgtlesing kvar dag anten i samling, tilknytt fag, i matpausen eller andre tidspunkt i skulekvardagen.



Skule - heim samarbeid

Eit godt samarbeid med føresette er ein ressurs når det gjeld å styrka elevane sin lesedugleik og læringsresultat. Lærarane er forplikta til å samarbeide om lesing med heimen. Skulen ønskjer at dei føresette blir aktive deltakarar i leseutviklinga.


Utvikling av lesedugleik skal vera tema på foreldremøta om hausten. Gjennom å heva dei føresette sin kunnskap om lesing ønskjer me å få gode støttespelarar for borna under lesearbeid som skjer heime.

Om skulen opplever at elevar strever med å tileigna seg aldersadekvat leseugleik, må det vurderast kva tiltak som skal settast i gong, og dette skal skje i samarbeid med heimen. Dei føresette skal bli kontakta om eleven avvik frå forventa leseutvikling.

Leseverk på Samnanger barneskule:

Trinn 1 og 2:

- Fabel lesebok
- Skolestudio Basis 1-7



- Utdrag frå andre læreverv
- Utdrag frå andre bøker og tekstar
- Småbøker som Bokbussen t.d.



Trinn 3 og 4:

- Fabel lesebok
- Skolestudio Basis 1-7
- Småbøker
- Utdrag frå andre læreverv
- Utdrag frå andre bøker og tekstar



Trinn 5 – 7:

- Salto lese – og språkbok
- Skolestudio Basis 1-7
- Fagtekstar frå ulike fag
- Tekstar og utdrag frå bøker, nettet og tidsskrift



Skulebiblioteket vårt

På Samnanger barneskule skal biblioteket legga til rette for gode leseopplevingar for alle elevar. Biblioteket er hjarta i skulen vår. Her skal det vera kjekt å ha undervisningsopplegg med klasse/grupper, men også ein plass der elevane kan fordjupa seg og drøyma seg vekk. Det er difor viktig at biblioteket har bøker som vekker interesse og som er tilpassa ulike nivå i leseutviklinga.

Skulebibliotekar

- Bruke norsktimar til undervisning/opplegg på skulebiblioteket.
- Bruke tida saman med små grupper på biblioteket slik at dei alltid har ei bok å lesa i, kan bli glade i å lesa og kjenna seg heime på biblioteket.
- Skulebibliotekar kan hjelpa til med rettleiing både individuelt og i grupper.
- Informera og førebu pedagogane til gjennomføring av leseprosjekt.
- Halda tilsette oppdatert på ny og god litteratur.

Biblioteksassistentar

Kvart år er nokre elevar på mellomtrinnet biblioteksassistentar. Desse elevane har ansvar på biblioteket. Arbeidsoppgåvene deira kan til dømes bestå av å låna ut, levera inn, rydda og stempla bøker. Dei skal og hjelpa medelevar til å finna bøker.

Leseprosjekt- tiltak for å fremja leselyst og leseglede

Ein gong i semesteret har me særskilt fokus på lesing. Alle trinn skal ha eit leseprosjekt i hausthalvåret og eit i vårhalvåret. Målet for leseprosjekta er at elevane utviklar si leseerfaring og kompetanse gjennom variert lesing; både fag- og skjønnlitteratur, ulike sjangrar og tekstmedium, stigande utfordring og progresjon, mengdelesing og djupnelesing.



Del 2: Observasjon, kartlegging og oppfølging/tidleg innsats

Kartlegging

Kartlegging er å innhenta informasjon om eleven for å laga ein oversikt eller eit kart over det hen kan eller ikkje kan, for å hjelpa eleven vidare. På kvart trinn skal eleven si leseutvikling kartleggast med ulike verktøy (Sjå leseplan).

Uformell kartlegging

Alle pedagogar har ansvar for alle elevar si leseutvikling. Dette skal byrja allereie fyrste månad i 1.klasse. Pedagog må alltid veta kva utgangspunkt eleven har og såleis kunna evaluera eleven si leseutvikling.

Formell kartlegging

Samnanger barneskule føl Utdanningsdirektoratet sine kartleggingsprøver på 1. og 3. trinn. På 5.trinn gjennomfører ein nasjonale prøvar. Kartleggaren blir brukt frå 5.-7. trinn.

Elevar som ikkje følger venta leseutvikling:

(Skårar i eller under kritisk sone på nasjonale prøver og udir sine kartleggingsprøver.)

Astrid Lindgrens bønn

Å mektige feer!

Gi mitt barn i faddergave
ikke bare helse og skjønnhet og rikdom
og alt det der dere pleier
å komme trekkende med.

Gi mitt barn lesehunger,
det ber jeg om med brennende hjerte.

For jeg ville så gjerne at mitt barn
skulle få i sin hånd
nøkkelen til eventyrlandet
hvor man kan hente
den skjønneste av alle gleder.

Slik burde hver eneste mamma tenke!

Astrid Lindgren

Pedagog set i samarbeid med trinnet i gang ein prosess med analyse, tiltak, evaluering og retesting, og ev justering av tiltak. Her må trinnet arbeida tett og godt for å finna gode løysingar og arbeidsmetodar for å hjelpa dei som strevar. Føresette vil bli informert og inkludert i det vidare arbeidet.

Tidleg innsats og intensiv opplæring

Intensiv opplæring er ein del av tidleg innsats. Det skal vera ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing og skrivning for dei som treng det. Slik kan eleven raskt få eigna støtte og oppfølging.



Del 3: Leseplanar

1. trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|---|--|---|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna fortelja frå opplevingar • Kunna gjenfortelja ein historie med eigne ord • Bruke daglegdagse ord og uttrykk • Undre og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Snakka om turdag, feriar og helg • Lesing • Samtale med klasse/gruppe/læringsvenn • ASK |
| Leseteknikk | | |
| Eleven forstår samanhengen mellom fonem og grafem | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna igjen alle bokstavane i alfabetet og veit kva språklyd dei representerer • Kjenna igjen fyrste, miderste og siste lyd i eit ord • Høyra rim og kunna rima • Høyra stavingar i ord • Kjenna igjen same lyd i ulike ord • Identifisera same lyd i ulike ord • Lydera saman språklydar • Forstår det alfabetiske prinsippet | <ul style="list-style-type: none"> • Språkleikar av Jørgen Frost <ul style="list-style-type: none"> ○ Mitt skip er lasta med • Samtale og spela lotto om fonem og grafem • Klappe, trampe t.d. stavelsar • Sanseparty • Skriveoppgåver • Lesing • Synga songar om alfabetet t.d. • AskiRaski • Graphogame • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, kroppslege rørsle |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Leseretning • Les/avkoda starten på eit ord og gjette resten • Forskjeller og likskaper mellom stor og liten bokstav | <ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing med lesefinger • Samtale, lesing og skrivning • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, maling, med kroppen |



| | | |
|--|---|--|
| Logografisk lesing | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna igjen ordbilete på skilt og emballasje • Lesa namn til dei i klassen • Kjenna igjen vanlege småord som: bil, sel, is, ål, ro | <ul style="list-style-type: none"> • Turdag • Jakta på skilt • Ordjakt/orddiktat med bilete • Merking med bilete og skrift: <ul style="list-style-type: none"> ○ Dagsplan ○ Utstyr i klasserommet (saks, lim, hyller) • Lesing, spel, skriving |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleve variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom høgtlesing • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotekte • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |
| Eleven skal nytta ulike strategiar | <u>Stragiar (sjå s. 8):</u> <ul style="list-style-type: none"> • BO • Førskunnskap | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna bruka tankekart • Kunna gjenfortelja gjennom teikning og enkel skrift |

2. trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|--|--|---|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna fortelja frå opplevingar • Kunna gjenfortelja ein historie med eigne ord • Bruke daglegdagse ord og uttrykk • Undre og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Snakka om turdag, feriar og helg • Lesing • Samtale med klasse/gruppe/læringsvenn • ASK |
| Leseteknikk | | |
| Eleven forstår samanhengen mellom fonem og grafem | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna igjen alle bokstavane i alfabetet og veit kva språklyd dei representerer • Kjenna igjen fyrste, miderste og siste lyd i eit ord • Høyra rim og kunna rima • Høyra stavingar i ord • Kjenna igjen same lyd i ulike ord • Identifisera same lyd i ulike ord • Lydera saman språklydar • Forstår det alfabetiske prinsippet | <ul style="list-style-type: none"> • Språkleikar av Jørgen Frost <ul style="list-style-type: none"> ○ Mitt skip er lasta med • Samtale og spela lotto om fonem og grafem • Klappe, trampe t.d. stavelсар • Sanseparty • Skriveoppgåver • Lesing • Synga songar om alfabetet t.d. • AskiRaski • Graphogame • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, kroppslige rørsle |
| Eleven har automatisert dei mest vanlege høgfrekvente orda | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna til dei mest brukte orda | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrekvente ord |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Leseretning • Les/avkoda starten på eit ord og gjette resten • Forskjellar og likheitар mellom stor og liten bokstav • Les setningar med god flyt • Les nokre ord som ikkje er lydrette • Dele opp og lage samansatte ord • Kjenna til kva komma, spørsmålsteqn, utropsteqn og punktum tydar | <ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing med lesefinger • Samtale, lesing og skriving • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, maling, med kroppen • AskiRaski • Lage tøyseord, nye ord • Språkssamtale |

| | | |
|---|---|--|
| Logografisk lesing | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna igjen ordbilete på skilt og emballasje • Lesa namn til dei i klassen • Kjenna igjen vanlege småord som: bil, sel, is, ål, ro | <ul style="list-style-type: none"> • Turdag • Jakta på skilt • Ordjakt/orddiktat med bilete • Merking med bilete og skrift: <ul style="list-style-type: none"> ○ Dagsplan ○ Utstyr i klasserommet (saks, lim, hyller) • Lesing, spel, skriving |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike lesestrategiar | <p><u>Strategiar (sjå tabell s 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • BO • Førkunnskap • Nøkkelord • Forenkla omgrepskart • Tankekart • Overvåking | <ul style="list-style-type: none"> • Trena på dei ulike strategiane |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til tekst • Svarar på spørsmål til tekst • Undrer seg over temaet • Undre seg over ord | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale om tekst • Tenkeskriva (stikkord, tankekart, tekning) • Filofisk-samtale |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleva variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom høgtlesing • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |
| Leseinteresse | | |
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebibliotekar/pedagog |

3. trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|--|--|---|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna fortelja samanhengande frå opplevingar • Kunna gjenfortelja forteljing/eventyr med eigne ord • Bruke daglegdagse ord og uttrykk • Undra og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Snakka om turdag, feriar og helg • Lesing • Samtale med klasse/gruppe/læringsvenn • ASK • Dele opp ord (fram-vising) • Setta saman ord • Laga tulleord • Finna ord i ord |
| Leseteknikk | | |
| Eleven har automatisert dei mest vanlege høgfrekvente orda | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna til dei mest brukte orda | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrekvente ord |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa/avkoda starten på eit ord og gjette resten • Les grafem raskt og ha god bokstavkunnskap • Lesa nokre ord som ikkje er lydrette • Dele opp og lage samansatte ord • Kjenna til diftongar og nemna ord med diftongar • Kunna forskjellen på vokalar og konsonantar | <ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing med lesefinger • Samtale, lesing og skriving • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, maling, med kroppen • AskiRaski • Lage tøyseord, nye ord • Språkssamtale |
| Lesing med flyt | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa setningar med god flyt og forståing • Pause ved komma, stopp ved punktum og kjenna til når ein skal bruka spørjeteikn og utropsteikn • Korrigera seg sjølv når hen les feil | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa tekstar frå lesebøker, lettlesthefter, skjønnlitteratur etc. • Lytte til lydbøker |

| Leseforståing | | |
|--|---|---|
| Eleven kan svara på ulike typar spørsmål frå tekst | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna henta ut informasjon frå diagram og tabellar • Tolka bilete for å forstå tekst • Skumlesa ein tekst for å finna svar på spørsmål • Lesa for å tolka innhald • Følgja instruksjon ved å sjå på bilete (t.d. lego) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa ulike tekstar • Lesa bøker • Samtaler kring ulike bilete/filmar • Byggje etter bruksanvisning • Lage enkle matrettar etter oppskrift |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike lesestrategiar | <p><u>Strategiar (sjå s. 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • BO • Førkunnskap • Nøkkelord • Forenkla omgrepkart • Tankekart • Overvåking • VØL • BOI | <ul style="list-style-type: none"> • Trena på dei ulike strategiane |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til tekst • Svara på spørsmål til tekst • Undrer seg over temaet • Undre seg over ord | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale om tekst • Tenkeskriva (stikkord, tankekart, tekning) • Filofiske-samtaler |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleve variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom høgtlesing • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet • Utforska og bruka digitale informasjonskanalar | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |



.....

| Leseinteresse og lesekultur | | |
|---|---|--|
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebiblotekar/pedagog |
| Eleven oppleva høgtlesing gjennom veka | <ul style="list-style-type: none"> • For å læra seg sjangertrekk • Læra om leseglede og lesemotivasjon • Bli ein betre lesar (lesefart, ordavkoding) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa dikt, eventyr, søknad, brev, faktatekst, vitsar, sang, |

4. trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|--|--|---|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna fortelja samanhengande frå opplevingar • Kunna gjenfortelja forteljing/eventyr med eigne ord • Bruke daglegdagse ord og uttrykk • Undra og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Snakka om turdag, feriar og helg • Lesing • Samtale med klasse/gruppe/læringsvenn • ASK • Dele opp ord (fram-vising) • Setta saman ord • Laga tulleord |
| Leseteknikk | | |
| Eleven har automatisert dei mest vanlege høgfrekvente orda | <ul style="list-style-type: none"> • Kjenna til dei mest brukte orda | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrekvente ord |
| Eleven har strategiar for lesa lange og samansatte ord | <ul style="list-style-type: none"> • Les ord med kompliserte konsonantforbindingar • Delar lange ord opp i stavelсар • Les ikkje- lydrette ord | <ul style="list-style-type: none"> • Leike med ord og stavingar • Oppgåver med deling av ord |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa/avkoda starten på eit ord og gjette resten • Les grafem raskt og ha god bokstavkunnskap • Lesa nokre ord som ikkje er lydrette • Dele opp og lage samansatte ord • Kjenna til diftongar og nemna ord med diftongar • Kunna forskjellen på vokalar og konsonantar | <ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing med lesefinger • Samtale, lesing og skriving • Forma bokstaven gjennom skrift, plastelina, sand, maling, med kroppen • AskiRaski • Lage tøyseord, nye ord • Språkssamtale |
| Lesing med flyt | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa setningar med god flyt og forståing • Pause ved komma, stopp ved punktum og kjenna til når ein skal bruka spørjeteikn og utropsteikn • Korrigera seg sjølv når hen les feil | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa tekstar frå lesebøker, lettlesthefter, skjønnlitteratur etc. |

| Leseforståing | | |
|--|---|---|
| Eleven kan lesa samansatte tekstar | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna henta ut informasjon frå diagram, grafar og tabellar • Tolka bilete for å forstå tekst • Skumlesa ein tekst for å finna svar på spørsmål • Lesa for å tolka innhald • Følgja instruksjon ved å sjå på bilete (t.d. lego) | <ul style="list-style-type: none"> • Bygge ting etter oppskrift • Lage mat etter oppskrift • Nytte samtale bilete, filmer |
| Metakognitiv perspektiv | <ul style="list-style-type: none"> • Oppdaga når hen møtar ord og uttrykk ein ikkje forstår • Reflektera over det ein les • Lesa mellom linjene og trekka slutningar | <ul style="list-style-type: none"> • Nyttå rettleia lesing • Gode samtaler rundt teskt og bøker og artikler |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike lesestrategiar | <p><u>Strategiar (sjå s. 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Førkunnskap • Nøkkelord • Tankekart • Overvåking • VØL • BOI • Omgrepskart • Attforteljing og samandrag • spørsmålsstilling | <ul style="list-style-type: none"> • Oppgåver der ein kan trenå på å bruke dei ulike strategiane |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til tekst • Svåra på spørsmål til tekst • Undrer seg over temaet • Undre seg over ord | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale om tekst • Tenkeskriva (stikkord, tankekart, tekning) • Filofisk-samtale |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleåa variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom høgtlesing • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengele og varierte bøker i klasserommet • Utforska og bruka digitale informasjonskanalar | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |

| | | |
|---|--|--|
| Kritisk tenking | <ul style="list-style-type: none"> • Utforska og bruka digitale medier • Kjeldekritikk (t.d. reklame, fake news, wikipedia, YouTube) • Kunna søka etter informasjon via ein søkemotor | <ul style="list-style-type: none"> • Samtaler og spørsmål til tekst og kilder • Eige tema knytt til kjeldekritikk • Utforske internett og søkemotorer |
| Leseinteresse og lesekultur | | |
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet • Få hjelp til å finna tilpassa bøker til sitt lesenivå | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebibliotekar/pedagog |
| Eleven oppleva høgtlesing gjennom veka | <ul style="list-style-type: none"> • For å læra seg sjangertrekk • Læra om leseglede og lesemotivasjon • Bli ein betre lesar (lesefart, ordavkoding) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa dikt, eventyr, søknad, brev, faktatekst, vitsar, sang, |

5.trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|---|--|--|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna gjenfortelja med eigne ord • Undra og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Skriva eller gjengje ein tekst |
| Leseteknikk | | |
| Eleven har automatisert avkoding | <ul style="list-style-type: none"> • Les kjende og høgfrekvente ord raskt | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrekvente ord • Leiteoppgåver for å finne høgfrekvente ord – lage statestikk |
| Eleven beherskar ulike læringsstragiar | <ul style="list-style-type: none"> • Velja lesestrategi som eignar seg til passende tekst • Bruka teknikkar for å læra gloser, framandord, faguttrykk og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Trene på dei ulike strategiane som er vist til på side 8 • Bruke ulike strategier til ulike oppgåver |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Les/avkoda alle ord • Les setningar med god flyt og forståing • Pause ved komma, stopp ved punktum og bruka spørjeteikn og utropsteikn på riktig måte • Korrigera seg sjølv når hen les feil • Stoppa opp ved ukjende ord og reflektera rundt forståing av ordet | <ul style="list-style-type: none"> • Les mykje • Les høgt • Høyra lydbok |

| | | |
|--|--|--|
| Leseforståing | | |
| Eleven kan lesa multimodale tekstar | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna henta ut informasjon frå diagram, grafar og tab. • Skumlesa ein tekst for å finna svar på spørsmål • Lesa for å tolka innhald • Følgja instruksjon ved å sjå på bilete (t.d. lego, IKEA) • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Lage ting med bruksanvisning • Lese aviser og samtale om kjeldekritikk |
| Metakognitiv perspektiv | <ul style="list-style-type: none"> • Oppdaga når hen møtar ord og uttrykk ein ikkje forstår • Reflektera over det ein les • Lesa mellom linjene og trekka slutningar • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til seg sjølv undervegs • Snakka med andre om innhaldet |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <p><u>Strategiar (sjå s. 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Førkunnskap • Nøkkelord • Tankekart • Overvåking • VØL • BOI • Omgrepskart • Attforteljing og samandrag • Spørsmålsstilling • BISON • Skumlesing | <ul style="list-style-type: none"> • Trene på dei ulike strategiane – kunne nytte dei på ulike måtar. |

| Sjangerlære | | |
|---|--|---|
| Eleven skal oppleve variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Ved høgtlesing av pedagog • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengele og varierte bøker i klasserommet • Utforska og bruka digitale informasjonskanalar | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |
| Kritisk tenking | <ul style="list-style-type: none"> • Utforska og bruka digitale medier • Kjeldekritikk (t.d. reklame, fake news, wikipedia, YouTube) • Kunna søka etter informasjon via ein søkemotor | <ul style="list-style-type: none"> • Tverrfaglege tema med vekt på kjeldekritikk • Utforske internett saman med trygge vaksne |
| Leseinteresse og lesekultur | | |
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengele og varierte bøker i klasserommet • Få hjelp til å finna tilpassa bøker til sitt lesenivå | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebiblotekar/pedagog |
| Eleven skal oppleve høgtlesing kvar veka | <ul style="list-style-type: none"> • For å læra seg sjangertrekk • Læra om leseglede og lesemotivasjon • Bli ein betre lesar (lesefart, ordavkoding) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa dikt, eventyr, søknad, brev, faktatekst, vitsar, sang, |



.....

| Informasjonskompetanse | | |
|---|---|---|
| Eleven skal kunna utforska og bruka digitale informasjonskanalar og andre medier på ein målretta måte | <ul style="list-style-type: none">• Søka og lesa på ei treffliste• Finna informasjon ved å bruka innhaldsfortegnelse og stikkordsregister• Bruka oppslagsverk• Foreta hensiktsmessige søk på internett | <ul style="list-style-type: none">• Søka i biblioteket sin database |

6.trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|---|--|---|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna gjenfortelja med eigne ord • Undra og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Skriva eller gjengje ein tekst |
| Leseteknikk | | |
| Eleven har automatisert avkoding | <ul style="list-style-type: none"> • Les kjende og høgfrequente ord raskt | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrequente ord |
| Eleven beherskar ulike læringsstragiar | <p><u>Strategiar (sjå s. 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Førkunnskap • Nøkkelord • Tankekart • Overvåking • VØL • BOI • Omgrepskart • Attforteljning og samandrag • Spørsmålsstilling • BISON • Skumlesing | <ul style="list-style-type: none"> • Bruka teknikkar for å læra gloser, framandord, faguttrykk og omgrep |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Les/avkoda alle ord • Les setningar med god flyt og forståing • Pause ved komma, stopp ved punktum og bruka spørjeteikn og utropsteikn på riktig måte • Korrigera seg sjølv når hen les feil • Stoppa opp ved ukjende ord og reflektera rundt forståing av ordet | <ul style="list-style-type: none"> • Trene på dei ulike strategiane – kunne nytte dei på ulike måtar. |

| Leseforståing | | |
|--|--|---|
| Eleven kan lesa multimodale tekstar | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna henta ut informasjon frå diagram, grafar og tabellar • Skumlesa ein tekst for å finna svar på spørsmål • Lesa for å tolka innhald • Følgja instruksjon ved å sjå på bilete (t.d. lego, IKEA, matoppskrifter) • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Lage ting med bruksanvisning • Lese aviser og samtale om kjeldekritikk |
| Metakognitiv perspektiv | <ul style="list-style-type: none"> • Oppdaga når hen møtar ord og uttrykk ein ikkje forstår • Reflektera over det ein les • Lesa mellom linjene og trekka slutningar • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til seg sjølv undervegs • Snakka med andre om innhaldet |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til tekst • Svare på spørsmål til tekst • Undrer seg over temaet • Undre seg over ord | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale om tekst • Tenkeskriva (stikkord, tankekart, teikning) • Filofisk-samtale |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleva variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Ved høgtlesing av pedagog • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet • Utforska og bruka digitale informasjonskanalar | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |

| | | |
|---|--|--|
| Kritisk tenking | <ul style="list-style-type: none"> • Utforska og bruka digitale medier • Kjeldekritikk (t.d. reklame, fake news, wikipedia, YouTube) • Kunna søka etter informasjon via ein søkemotor | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale kring ulike kjelder – kva er sant/ikkje sant • Lese aviser og artikler med tema kjeldekritikk |
| Leseinteresse og lesekultur | | |
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet • Få hjelp til å finna tilpassa bøker til sitt lesenivå | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebiblotekar/pedagog |
| Eleven skal oppleve høgtlesing kvar veka | <ul style="list-style-type: none"> • For å læra seg sjangertrekk • Læra om leseglede og lesemotivasjon • Bli ein betre lesar (lesefart, ordavkoding) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa dikt, eventyr, søknad, brev, faktatekst, vitsar, sang, |
| Informasjonskompetanse | | |
| Eleven skal kunna utforska og bruka digitale informasjonskanalar og andre medier på ein målretta måte | <ul style="list-style-type: none"> • Søka og lesa på ei treffliste • Finna informasjon ved å bruka innhaldsfortegnelse og stikkordsregister • Bruka oppslagsverk • Foreta hensiktsmessige søk på internett | <ul style="list-style-type: none"> • Søka i bibliotekets sin database |

7.trinn

| Mål for lesing | Dugleikar | Metode |
|---|--|--|
| Språk og omgrep | | |
| Elevane skal ha eit funksjonelt ordforråd | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna gjenfortelja med eigne ord • Undra og utforska ord og omgrep | <ul style="list-style-type: none"> • Skriva eller gjengje ein tekst |
| Leseteknikk | | |
| Eleven har automatisert avkodning | <ul style="list-style-type: none"> • Les kjende og høgfrekvente ord raskt | <ul style="list-style-type: none"> • 100-lista over mest vanlege høgfrekvente ord |
| Eleven meistrar ulike læringsstragiar | <p><u>Strategiar (sjå s. 8):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Førkunnskap • Nøkkelord • Tankekart • Overvåking • VØL • BOI • Omgrepskart • Attforteljing og samandrag • Spørsmålsstilling • BISON • Skumlasing | <ul style="list-style-type: none"> • Trena på dei ulike strategiane slik at strategien blir eit hjelpemiddel |
| Teknisk | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa/avkoda alle ord • Lesa setningar med god flyt og forståing • Pause ved komma, stopp ved punktum og bruka spørjeteikn og utropsteikn på riktig måte • Korrigera seg sjølv når hen les feil • Stoppa opp ved ukjende ord og reflektera rundt forståing av ordet | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa mykje: bøker, artikler aviser og på internett. Lytte til lydbøker og høgtlesing • Brukar ulike strategiar til ulike oppgåver |

| Leseforståing | | |
|--|--|---|
| Eleven kan lesa multimodale tekstar | <ul style="list-style-type: none"> • Kunna henta ut informasjon frå diagram, grafar og tabellar • Skumlesa ein tekst for å finna svar på spørsmål • Lesa for å tolka innhald • Følgja instruksjon ved å sjå på bilete (t.d. lego, IKEA) • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Lage ting med bruksanvisning • Lage mat etter oppskrift • Lese aviser og samtale om kjeldekritikk |
| Metakognitiv perspektiv | <ul style="list-style-type: none"> • Oppdaga når hen møtar ord og uttrykk ein ikkje forstår • Reflektera over det ein les • Lesa mellom linjene og trekka slutningar • Kunna tenka kritisk og reflekterande om teksten og kjelda | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til seg sjølv undervegs • Snakka med andre om innhaldet |
| Strategilæring | | |
| Eleven skal læra seg ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Stilla spørsmål til tekst • Svare på spørsmål til tekst • Undrer seg over temaet • Undere seg over ord | <ul style="list-style-type: none"> • Samtale om tekst • Tenkeskriva (stikkord, tankekart, teikning) • Filofisk-samtale |
| Sjangerlære | | |
| Eleven skal oppleve variert litteratur | <ul style="list-style-type: none"> • Ved høgtlesing av pedagog • Få kjennskap til brev, invitasjon, eventyr, film, sakprosa, søknad, teikneserie, vitsar, rim og regler, song, drama, digitale tekstar • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengelege og varierte bøker i klasserommet • Utforska og bruka digitale informasjonskanalar | <ul style="list-style-type: none"> • Bursdagsbok • Skriva brev til familie t.d. • Bursdagsinvitasjon • Teikna til eventyr, forteljingar, filmar |

| | | |
|---|--|---|
| Kritisk tenking | <ul style="list-style-type: none"> • Utforska og bruka digitale medier • Kjeldekritikk (t.d. reklame, fake news, wikipedia, YouTube) • Kunna søka etter informasjon via ein søkemotor | <ul style="list-style-type: none"> • Lese aviser og artikler med kjeldekritikk • Utforske inernettkanaler saman med trygge vaksne. • Bruke td YouTube i framsyningar for klassen |
| Leseinteresse og lesekultur | | |
| Eleven skal sjølv få velja litteratur som skal brukast i klasserommet | <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt bruk av skulebibliotek • Alltid tilgjengele og varierte bøker i klasserommet • Få hjelp til å finna tilpassa bøker til sitt lesenivå | <ul style="list-style-type: none"> • Besøka biblioteket på Bjørkheim • Undervisning av skulebiblotekar/pedagog |
| Eleven skal oppleve høgtlesing kvar veka | <ul style="list-style-type: none"> • For å læra seg sjangertrekk • Læra om leseglede og lesemotivasjon • Bli ein betre lesar (lesefart, ordavkoding) | <ul style="list-style-type: none"> • Lesa dikt, eventyr, søknad, brev, faktatekst, vitsar, sang, |
| Informasjonskompetanse | | |
| Eleven skal kunna utforska og bruka digitale informasjonskanalar og andre medier på ein målretta måte | <ul style="list-style-type: none"> • Søka og lesa på ei treffliste • Finna informasjon ved å bruka innhaldsfortegnelse og stikkordsregister • Bruka oppslagsverk • Foreta hensiktsmessige søk på internett | <ul style="list-style-type: none"> • Søka i biblioteket sin database |



Kjelder:

NOU 2014:7 Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

NOU 2015:8 Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet. (2019) Overordnet del- verdier og prinsipper for grunnopplæringen. Hentet frå <<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>>

St.meld nr 6 (2019 – 2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Utdannings- og forskningsdepartementet.

St.meld. nr 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen. Oslo. Utdannings- og forskningsdepartementet.

